



Det er hardt å bli morlaus. Det har Hereford-kalven Boksyto til Berit Harriet Døsland på Døsland fått sanne. Då er det viktig å finna nye vener, og like før jonsok gjorde Boksyto det.

Då vart kjeet Joppy fødd og på sjølvaste jonsok-kvelden vart det eit nært tilhøve mellom dei to. Joppy stanga på Boksyto, som var svært tålmodig. Dei hadde den reinaste danseoppvisning saman og til slutt sette kjeet seg på ryggen til kalven.
- Dei har det framleis like godt saman. Akkurat no ligg dei begge og søv, fortel Berit Harriet til uskedalen.no
Ho tok bileta på jonsok-kvelden.

